

## Sjørøvarfakta

Ein sjørøvar røvar frå andre på sjøen.  
Sjørøvarar blir også kalla piratar.

Vanlege sjøfolk kunne bli sjørøvarar.  
Det kunne dei bli på fleire måtar.  
Det hende dei stal båten dei segla med.  
Andre gonger blei båten deira teken av andre sjørøvarar,  
og dei blei tvinga til å bli sjørøvarar sjølve.

Både gutar og jenter kunne  
bli sjørøvarar.

På sjørøvarskutene var det  
strenge straffer.  
Ei av dei strengaste var  
å gå planken.  
Då fekk sjørøvaren hendene  
bundne bak på ryggen  
og eit skjerf føre augo.  
Så måtte han gå på ein planke  
som stod ut frå båten.  
Til slutt fall han i vatnet.  
Båten drog vidare. Sjørøvaren  
drukna.

